

AVTALE

mellom Lindås Tomteselskap AS og Lindås kommune v/Eigedomsavdelinga om disponering av areal for bygging av ny Knarvik barneskule

Det er inngått følgjande avtale:

1. Avtalen gjeld for reguleringsplanen med plannamn Lonelva –Juvikvarden
2. Avtalen omfattar eigedomen gnr. 188 bnr. 800 («Skuletomta»), samt dei delane av gnr. 188 bnr. 116, 743 og 762 som er skravert på vedlagde kart datert 25.01.2017 («Tilleggsarealet»).

På areala skal det byggast ny Knarvik barneskule med tilhøyrande utomhusanlegg, tilkomstveg og parkeringsplassar.

Lindås kommune kjøpte Skuletomta av Lindås Tomteselskap ved avtale inngått mai 2016, og skal no også kjøpe Tilleggsarealet. Salet skal skje på same vilkår som det som gjaldt Skuletomta, og det skal utformast ein eigen avtale om dette. Lindås kommune skal sørge for og dekke kostnadene med frådelling og oppmåling.

3. På det skraverte området av bnr. 762 skal det byggjast ny parkeringsplass. Arealet er i reguleringsplanen merka som P1 og er primært avsett til formål gravplass, men med sambruk kan parkeringsplassen også nyttast for den nye skulen. Eige sambruksavtale vil bli oppretta mellom Eigedomsavdelinga og Kyrkjeleg Fellesråd. Kostnader for opparbeiding av parkeringsplassen P1 vil bli betalt av prosjektet ny Knarvik barneskule.

Lindås kommune skal samstundes med opparbeidinga av parkeringsplassen, opparbeide avkjørselen som skal vere felles med reguleringsområdet T6, samt legge nye stikkleidningar inn til T6.

4. Lindås Tomteselskap AS aksepterer at det kan søkast om rammeløyve og igangsettingsløyve for dei areal som er omfatta av denne avtalen.

23/1-2017

Dato.....


For Lindås Tomteselskap AS

Bjarte Helle
Dagleg leiar

For Eigedomsavdelinga

Therese Urdal Braseth
Eigedomssjef

Vedlegg: Kart datert 25.01.2017



- Måle Grenser
- - - Registrerte Grenser
- Utleiert grense
- ↑ Terrengmåle grense
- ↑ Konstruert grensepunkt
- Bolig
- Bussid mulighet
- Våningshus
- Store busstinder
- Høyleierhus
- Gårdsplattus
- Industri/ager
- Andre byg

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.



Lindås kommune
Geodata avdeling

Dato: 2017.01.25
Sign: Iltø

Skuletomta

Målestokk
1:2000



[Handwritten signature]